


# DI SJEKKLISTE

Sjå kvifor du som bur i Hareid bør stemme Partiet Dei Kristne:

- 1.** Ja til at Noreg framleis skal vere ein kristen nasjon.
- 2.** Vi vil kjempe for ei snarleg realisering av Hafast.
- 3.** Ja til likebehandling mellom private og offentlege skular.
- 4.** Ha eit tydeleg fokus på eldreomsorga.
- 5.** Ja til søndagsstengte butikkar.
- 6.** Utvide høvet til å vere heime med barna når dei er små. Ja til kommunal kontantstøtte.
- 7.** Vi ynskjer å gjere skulevegen tryggare for våre barn.
- 8.** Gi kommunal støtte til ekteskaps-/samlivskurs.
- 9.** Mot eignedomsskatt.
- 10.** Vi vil ha et levande landbruk i bygdene våre og ikkje la landskapet gro igjen.
- 11.** Vi vil at samfunnet skal hjelpe dei som treng det mest - auka fokus på rus og psykiatri.
- 12.** Ja til å forenkle byråkrati og skjemavelde slik at det blir lettare å starte og drive private bedrifter.
- 13.** Eit tydeleg Nei til EU.

 De Kristne

 Partiet De Kristne, Møre og Romsdal



## PARTIET DE KRISTNE

### Hareid kommune

Val 2015

[www.dekristne.no](http://www.dekristne.no)

# VI TAR KAMPEN FOR NOREGS 1000-ÅRIGE KRISTNE ARV!

Partiet Dei Kristne er partiet som vil bygge vidare på fast grunn: Vi kombinerer respekt for fridomen til enkeltmennesket med tradisjonelle kristne verdier som ansvar og omsorg for sin neste, og finn oppskrifta på eit samfunn som er fritt og trygt for alle - uansett kven du er eller kvar du kjem frå.

**Partiet Dei Kristne er for alle som vil:**

- ha kristendomsfaget tilbake i grunnskulen.
- verne om livet frå unnfangelse til naturleg død.
- at alle barn bør ha rett til både ei mor og ein far, og til å kjenne sitt eige opphav.
- at barna skal få høve til å vere meir saman med foreldra sine.
- ha norsk matvareberedskap tilbake til eit nødvendig nivå.
- reforhandle Schengen- og EØS-avtalen og styrke norsk grensekontroll.
- styrke politi, sikkerheit og beredskap.
- oppruste det norske forsvaret slik at vi kan vere trygge i ei usikker verd.
- oppmuntre til initiativ, entreprenørskap og innovasjon.

**For å kunne gjere endringar i desse sakene, må vi begynne lokalt! Du og eg må bli høyrte, og då må vi få inn folk i kommunestyret som tør å løfte stemma si, og som vil stå distansen ut med å ta opp kampen for verdiane våre!**

**Vi har folk på lista vår som tør å seie ifrå, og som vil bli høyrde lokalt i Hareid kommune. Hjelp oss med å få dei inn ved å stemme på Partiet Dei Kristne i komande lokalval!**

**Hugs at du også kan bruke lista vår ved fylkestingsvalet! Partiet Dei Kristne trengst også der!**

**VI MEINER AT DEI KRISTNE VERDIANE ER VIKTIG FOR IKKJE Å FÅ EIT KALDT SAMFUNN - Å HJELPE KVARANDRE GIR OSS SAMHALD OG GLEDE.**



## KANDIDATAR TIL KOMMUNEVALET 2015:

- 1. Trond Røyset Gustavsen** - f. 1971
- 2. Harald Vilnes Holstad** - f. 1972
- 3. Brit Tennfjord Grimstad** - f. 1939
- 4. Randi Døving** - f. 1971
- 5. Inger Ambjørnsen** - f. 1933
- 6. Oddveig Nedrelid** - f. 1942
- 7. Liv Sissel Bigset** - f. 1969
- 8. Else Oksavik** - f. 1930

**VI ER EIT TYDELEG IKKJE-SOSIALISTISK PARTI SOM VIL ARBEIDE FOR EIT FORPLIKTANDE SAMARBEID PÅ BORGARLEG SIDE I NORSK POLITIKK.**